

Den norske regulert pengespelmarknaden 2018

I 2018 var brutto omsetning 46,5 milliardar kroner. I 2017 var omsetninga 43,7 milliardar. Netto omsetning var i 2018 på 10,5 milliardar kroner, mens den i 2017 var på 10,3 milliardar kroner. Det er hovudsakeleg omsetninga hos Norsk Tipping som har auka det siste året.

Kvar innbyggjar, 18 år og eldre vil i snitt ha satsa kroner 11 100 kroner på regulerte pengespel. Når gevinstane er trekte ifrå la nordmenn igjen 2 500 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Sentio Research Norge AS har utført for oss, kjem det fram at 840 000 nordmenn spelte pengespel på Internett i 2018, og at om lag 160 000 av desse spelte på utanlandske nettstader. Vi reknar med at desse målingane ikkje fangar opp alt spel, men meir av dei som spelar ofte enn dei som spelar sjeldan.

Nøkkeltal 2018

	Millionar NOK		Millions EURO	
	Brutto	Netto	Stake	GGR
Norsk Tipping – talspel og Flax	11 642	5 710	1 213	595
Norsk Tipping – sportsspel	3 556	906	371	94
Norsk Tipping - Instaspill	13 895	835	1 448	87
Norsk Tipping - Multix	5 398	417	562	43
Norsk Tipping - Belago	3 631	275	378	29
Norsk Rikstoto	3 611	1 154	376	120
Lotteri, inklusiv poker*	490	370	50	40
Bingo *	3 760	740	390	80
Spel på skip	566	85	59	9
Totalt	46 549	10 491	4 850	1 090
Per capita 18 år/yrs +	11 100	2 500	1 160	260
*) <i>Estimat, NOK runda av til næraste 10 mill. EURO rounded to nearest 10 million.</i>				

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er det samla innsatsbeløpet frå spelarane. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinstar er utbetalt. Netto omsetning blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjonar, entreprenør, operatør eller kommisjonær). Denne fordelinga blir presentert i ein årsstatistikk som kjem hausten 2019.

	2017		2018		Endring	
	Brutto	Netto	Brutto	Netto	Brutto	Netto
Norsk Tipping – talspel og Flax	11 121	5 485	11 642	5 710	5 %	4 %
Norsk Tipping – sportsspel	3 282	884	3 556	906	8 %	3 %
Norsk Tipping - Instaspill	10 899	719	13 895	835	27 %	16 %
Norsk Tipping - Multix	6 204	483	5 398	417	-13 %	- 14 %
Norsk Tipping – Belago	3 411	263	3 631	275	6 %	4 %
Norsk Rikstoto	3 894	1 242	3 611	1 154	- 7 %	- 7 %
Lotteri, inklusiv poker) *	449	343	490	370		stabil
Bingo *	3 855	777	3 760	740		reduksjon
Spel på skip	557	74	566	85	2 %	15 %
Totalt	43 671	10 270	46 549	10 491	6 %	2 %
*) Estimert 2018, NOK runda av til næraste 10 millionar						

Norsk Tipping si omsetning har auka for spel i kategorien Instaspill (online kasino, online bingo og online skrapespel). Omsetninga på Multix-terminalane er redusert. Dei andre spela hadde mindre endringar.

Norsk Rikstoto si brutto omsetning vart rett over 3,6 milliardar kroner og er ein nedgang samanlikna med året før.

Spel på skip har hatt ein auke i netto omsetning.

For bingo og lotteri er tal foreløpige. Bingo består hovudsakleg av entreprenørbingo der vi har brukt rapporterte tall, men for foreiningsbingo og radiobingo er tal framskrivne med utgangspunkt i 2017.


Foreløpige tal viser at bingo med og utan entreprenør hadde ei samla brutto omsetning på nærare 3,8 milliardar kroner i 2018 medrekna databingo. I 2018 var det 241 bingohallar knytt til 56 bingoentreprenørar som har hatt løyve til å entreprenørbingo . Omsetninga er noko redusert gjennom 2018.

For dei andre lotterier, samla sett, reknar vi med ei stabil omsetning samanlikna med året før.

Nordmenn si deltaking i norsk regulert lotteri- og pengespelmarknad

Lotteritilsynet får årleg gjennomført målingar om speleåtfærd i befolkninga¹. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

Diagrammet under viser prosentdel² som har spelt det siste året fordelt på kvinner og menn. Det blir og vist total prosentdel i befolkninga utan at dette er vist i søyler.



Av Norsk Tipping sine spel er talspel og Flax dei spela som flest har spelt det siste året (høvesvis 47 % og 40 %). Færrest har spelt på terminalspela Multix og Belago.

Langt færre har sagt dei spelar hos Norsk Rikstoto (5 %). Dette er ein lågare prosentdel enn for Norsk Tipping sine sportspel (9 %).

Blant private spel og lotteri er det flest som svarer at dei har kjøpt lodd i mindre lokale lotteri (35 %). Færrest har svart at dei har spelt bingo spel hos bingoentreprenørar.


På grunn av feilmarginar ved målingane vil reell andel spelarar kunne avvike noko frå det som er presentert her.

¹ Sentio Research Norge AS utførte målingane for oss.

² Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane.

For mange spel har menn oftast sagt at dei deltek, men kvinner seier oftare at dei kjøper skrapelodd eller mindre lokale lotteri.

Diagrammet under viser deltaking i spel fordelt på aldersgrupper.



Hovudintrykket er at talspela til Norsk Tipping, hestespel hos Norsk Rikstoto samt andre lotteri har forholdsvis fleire spelarar blant dei eldre aldersgruppene. Andre spel har oftare deltaking blant yngre.

Liten auke i talet på nettspelarar frå 2017 til 2018

Kvartalsvise målingar som Lotteritilsynet får utført³ viser stabilitet i talet på nettspelarar i 2018 samanlikna med året før. I 2018 viser målingane at 840 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte på Internett eller mobil. Dette utgjer 20,2 prosent av den vaksne befolkninga⁴. For 2017 berekna vi 740 000 nettspelarar, som då utgjorde 17,9 prosent.

Sidan våre berekningar baserer seg på regelmessige målingar utført gjennom heile år, får vi etterslep. Talet på nettspelarar ved utgangen av 2018 kan reelt sett vere høgare enn vi får fram her. Det kan og tenkjast at målingane i større grad fangar opp dei som spelar ofte og jamleg enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.


³ På oppdrag frå Lotteritilsynet gjennomfører Sentio Research Norge AS kvartalsvise spørjeundersøkingar om pengespel på nett.

⁴ Målingane vert utført kvart kvartal, der 1 000 personar 18 år og eldre vart spurde om dei har spelt pengespel over Internett i løpet av det siste året.

Nettspelarar deltek både på norske og utanlandske nettstader, men langt fleire spelar på norske enn på utanlandske. 80 prosent av nettspelarane har i 2018 svart at dei berre har spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto, 13 prosent har spelt både på norske og utanlandske medan 6 prosent svarer at dei berre har spelt på utanlandske nettstader.

Frå resultatet spelarar 18,6 % i befolkninga på norske nettstader, som utgjer 770 000 personar i 2018. Tilsvarande tal i 2017 var 640 000 spelarar.

At så mange nordmenn spelar på nett hos dei norske selskapa heng mykje saman med at mange spelar talspel som til dømes Lotto på nett. Dvs at dei t.d. leverer lottokupongen på nett eller mobil i staden for i butikken. Av nettspelarane totalt sett, er det 86 % av dei om har spelt dei siste tre månadene, som har spelt talspel som Lotto, Viking Lotto eller Keno. Til samanlikning er dei spela som deretter er spelt av forholdsvis mange, tipping og odds med 23 % og liveodds med 9 %.




Stabil deltaking på utanlandske nettstader

Frå målingane har 160 000 spelarar spelt på utanlandske nettstader. Dette utgjer 3,9 % av den vaksne befolkninga. Talet er ein nedgang frå året før då resultatet i 2017 viste 4,6 %. Endringa er ikkje signifikant.

At endringa er lita blir underbygd i dei halvårlege målingane som Lotteritilsynet får utført i tillegg til dei kvartalsvise. I dei halvårlege målingane inngår eit spørsmål om spel på nett hos andre tilbydarar enn Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, og 4,8 prosent⁵ svarte også her at dei har spelt på utanlandske nettstader i løpet av det siste året. I 2017 var tilsvarande prosent 4,6.

Diagrammet under viser ein langvarig stabilitet når det gjeld nordmenns deltaking på utanlandske nettstader.


⁵ Sentio Research AS utfører også desse halvårlege målingane i aldersgruppa 15 år og eldre. Undersøkingane vart gjennomført i juni og desember, 1 000 spurde kvar gong.



Som nemnt innleiingsvis fangar ikkje målingane våre opp alt spel blant nordmenn, og vi reknar dermed med, som for 2017, at om lag 250 000 nordmenn har spelt hos utlandske nettselskap i 2018.

For den type spel der Norsk Tipping konkurrerer med dei utlandske spelselskap viser dei halvårlige målingane at andel spelarar hos Norsk Tipping aukar. Diagrammet under syner andel i befolkninga som frå desse målingane har spelt på utlandske nettstader samanlikna med dei som har spelt tilsvarende spel hos Norsk Tipping.


Prosent i befolkningen (15 +) som har spilt sportsspill eller kasinospill* på nett eller mobil i løpet av det siste året



* For Norsk Tipping gjelder spill på nett eller mobil. Her inngår Tipping, Odds, Liveodds, KongKasino, Bingoria og Flax. For uregulerte aktører inngår også poker som ikkje blir tilbudt av NT.


Kven er nettspelelarane og korleis spelar dei?

Andel etter kjønn og alder som det siste året har spelt over Internett på PC, nettbrett eller mobil



Kvartalsvise målingar viser at nettspelelarane oftast er menn. Blant menn har 26 % spelt på nett eller mobil det siste året, og blant kvinner er andelen 14 %. Etter alder er andelen nettspelelarar høgast blant personar mellom 40 og 49 år. Her har 28 % spelt på nett eller mobil. Andelen er lågast blant personar som er 50 år og eldre der andelen er 14 %.

Dei fleste spelar på ettermiddag eller kveld, og dei færrest om natta. Mange nyttar mobiltelefonen.



Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Det er hovudsakleg berre Norsk Tipping og Norsk Rikstoto som tilbyr regulerte pengespel på nettet her i landet. Unicef lanserte i 2017 eit lotteri og hausten 2018 lanserte WWF og SOS Barnebyer Postkodelotteriet som blir selt over internett og mobil. Desse lotteria er framleis i oppstartsfasen, og var ikkje med i målingane i 2018.

Ifølgje målingane spelte 92 prosent av nettspelelarane hos Norsk Tipping, medan 11 prosent spelte hos Norsk Rikstoto i løpet av dei siste 12 månadene.

Til samanlikning var det ingen utanlandsk nettstad der 10 prosent eller fleire av nettspelelarane hadde spelt. Unibet var størst der 9 % av nettspelelarane sa dei hadde spelt det siste året.

Frekvens og innsats

I målingane våre for 2018 har 43 prosent av nettspelelarane sagt at dei spelar 13 gonger eller meir i løpet av siste kvartalet. Gjennomsnittet var 16,5 gonger⁶. Snittet utgjer speling i overkant av ein gong i veka.

Blant dei som berre spelar på norske nettstader var snittet 15,5 gonger. For dei som berre spelar på utanlandske nettstader var snittet 17,1, og for dei som spelte både på norske og utanlandske var snittet 22,6 gonger i løpet av eit kvartal.

Uavhengig av kva spelarane har spelt for har vi spurd kor stort innskott dei vanlegvis gjer når dei er logga på ein nettstad og spelar pengespel. Dvs. kor mykje dei overfører frå eigen bank-konto til ein spelarkonto

⁶ Snittal for gonger spelt i kvartalet er 16,5 gonger (n=777).

hos eit spelselskap. Avrunda er snittet 310 kroner⁷. Blant dei som spelar på berre norske nettstader er snittet kr 250 og blant dei som spelar berre på utanlandske er snittet kr 630. Hos dei som spelar på både norske og utanlandske er snittet kr 500.

Frå undersøkingane ser det ut til at dei som spelar hos utanlandske speleselskap spelar oftare og for meir pengar enn dei som spelar berre på norske nettstader.

Kva nordmenn legg igjen på utanlandske nettstader (GGR)

Lotteritilsynet estimerer at netto omsetning på utanlandske nettstader, eller det nordmenn la igjen her etter gevinstutbetaling, utgjer mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner i 2018. Dette er stabilt frå estimatet vi hadde for 2017 (1,8 – 2,2 mrd). Sidan bruk av kjelder og tilgjengeleg informasjon, er det vanskeleg å samanlikne dei to åra direkte.

Estimatet for 2018 bygger på berekningar frå fleire kjelder:

- Marknadsprisen for TV-marknadsføringa til utanlandske speleselskapa.
- Omsetning hos Norsk Tipping sett opp mot data frå målingane til Sentio Research AS.
- Vekst i den regulerte marknaden (2018) sett opp mot estimatet som blei gjort for 2017.
- Data frå analyseselskapet GBGC, Global Betting and Gaming Consultants
- Data frå analyseselskapet H2 Gambling Capital

Med utgangspunkt i berekningane estimerer vi netto omsetning – eller Gross Gaming Revenue (GGR) til å utgjere mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner.

Færre ringde Hjelpelinja, men fleire ringde om kasinospel

Hjelpelinja for speleavhengige hadde i 2018 ein nedgang i samtaler etter tre år med auke. Tal samtaler om pengespel fall med 17 prosent, frå 763 til 632 samtaler. Tal førstegongs- samtaler fall med 15 prosent frå 605 til 534. Men sjølv om tal førstegongs- samtaler fall, er det framleis fleire samtaler enn i 2016, og den tydelege trenden med at samtaler om kasinospel dominerer statistikken held fram.

Tabellen under viser kva spel førstegongs- samtale i 2018 handla om. Dersom fleire spel har vore omtalte i same samtale, vart det spurt om kva spel som var hovudproblemet.

Hovedproblemspillet (eller det eineste)	tall	prosent
Kasinospel (nett)	286	54 %
Liveodds	11	2 %
Odds	79	15 %
Poker	48	9 %
Bingo	18	3 %
Databingo	8	1 %
NT Belago	3	0,6 %
Hestespel	20	4 %

⁷ Vi har ikkje rekna med dei som svarte kroner 0 eller dei som oppgav beløp over kroner 10 000,- Snittet for alle er etter dette kr 307 (n=751), for dei som spelar berre på norske nettstader kr 254 (n=605), for berre utanlandske kr 633 (n=36) og kr 501 (n=104) for dei som har spelt både på norske og utanlandske nettstader.

NT terminal (Multix)	9	2 %
Lotto / Viking Lotto/EuroJackpot/ Extra /Joker/Keno/Nabolaget	3	0,6 %
Tipping	0	0 %
Skrapespel	3	0,6 %
Andre pengespel	3	0,6 %
Pengespel, men ikkje spesifisert	43	8 %
Dataspel (spel som ikkje er pengespel)	0	0 %
Totalt	534	100 %


Spelarane blir også spurde om kva speloperatør dei har spelt hos. Av samtale om kasinospel er Norsk Tipping åleine nemnd som tilbydar i 5 prosent⁸ av samtale i 2018. I 15 prosent av samtale blir både Norsk Tipping og utanlandske operatørar nemnde, medan det i 71 prosent av samtale er utelukkande ein utanlandsk operatør som blir nemnd. I samtale om odds og liveodds, viser 24 prosent av samtale til Norsk Tipping og 62 prosent⁹ til ein utanlandsk operatør. Ni prosent av samtale gjeld poker. Her gjeld 94 prosent nettpoker og resten nemner pokerspel i venelag eller pokerklubb.

Totalt blir det vist til ein utanlandsk operatør i 71 prosent av samtale som gjeld spel der utanlandske speloperatørar tilbyr spel i konkurranse med Norsk Tipping.

Andelen førstegongssamtaler som gjeld kvinner var i 2018 på 17 prosent. Snittalderen på dei som samtale handla om var på 41,6 år. Tabellen under viser kva spel som blir nemnt som problematiske etter alder. Når det gjeld Kasinospel og odds- og sportsspel, er det folk i alle aldersgrupper som har problem, sjølv om dei yngste gruppene ser ut til å vere overrepresenterte i desse spela. Når det gjeld poker er trenden at det er unge som har problem tydeleg. Motsett er det dei eldste aldersgruppene som har problem med spel på hest og bingospel. For Multix er biletet meir blanda.

⁸ Totalt 286 samtaler om kasinospill, der 13 (5 %) viser til Norsk Tipping, 43 (15 %) viser til både Norsk Tipping og utenlandske operatører. I 26 samtaler har tilbydar ikkje vore tema.

⁹ Totalt 79 samtaler om Odds. 19 (24 %) viser til Norsk Tipping og 49 (62 %) nevner andre operatører. I 11 samtaler har tilbyder ikke vært tema.



Innringarane blir også spurde om dei har spelegjeld på samtale tidspunktet. Her har biletet dei siste åra vore at fleire av spelarane har spelegjeld, og at andelen som har høg spelegjeld har auka. I samtaler der spelegjeld har vore tema, sa 56 prosent at dei hadde ei gjeld på 100 000 eller meir. 32 prosent oppga at dei hadde spelegjeld på over ein halv million. 15 prosent sa at dei ikkje hadde spelegjeld. Når det gjeld helsemessige konsekvensar opplyste 86 prosent, der helse var tema, at dei opplevde psykiske plager som følgje av spelninga.